

Sak 4a

Orienteringar frå

Lagsstyret,

Framtida til lagshyttene



Bondehytta og Røkleivhytta har historisk sett vore viktige møteplassar for medlemmene i laget. Nedgangen i bruk har vore jamn dei siste åra, og i dag er hyttene svært sjeldan brukt av medlemmer.

I Langtidsplanen for Bondeungdomslaget i Oslo 2024-2028 er det eit eige punkt om å sjå på framtida til hyttene. Lagsstyret sette i 2025 ned ei eiga nemnd internt i styret som skulle vurdere saka. Konklusjonen til nemnda, som også er støtta av Lagsstyret, er å fremme ei sak om sal av Røkleivhytta på årsmøtet i 2027. I 2026 vil det bli henta inn takst og nok informasjon, slik at årsmøte kan ta ei avgjerd når saka kjem opp i 2027. Hyttestyret til Røkleivhytta er orientert om saka og støttar forslaget. Saka blir løfta fram på årsmøte i 2026 for å forankre saka og for å få drøfta saka godt.

Bakgrunn

Røkleivhytta er veldig lite brukt av medlemmene i BUL, mindre enn Bondehytta. Over lang tid har det vore krevjande å fylle plassane i dei to hyttestyra. Samtidig er det behov for omfattande vedlikehald i åra som kjem, som i realiteten vil krevje meir enn normal dugnadsinnsats. Vi har i årevis nytt godt av innsatsen til fleire av dei eldre medlemmene i laget, men drifta er, og har vore, sårbar. Lagskontoret har på si side få tilsette og ikkje tid til å leggje ned arbeidet som krevst for hyttedrift.

I 2025 spurde vi Den Norske Turistforening (DNT) om dei kunne vere interesserte i eit samarbeid om utleige og drift av begge hyttene. Eit slikt samarbeid ville kunne synleggjere hyttene for eit større publikum og gjeve kjærkome profesjonell hjelp til hyttedrift. Dessverre takka DNT nei til samarbeid, primært med grunngjevinga at dette er for store hytter med for store soverom til at dei rekna med mykje utleige. Dei har fleire liknande hytter i porteføljen sin, som dei ser det har vore minkande interesse for over tid. Behovet for vedlikehald var også ei medverkande årsak.

Historisk har lagseigde hytter vore ein viktig del av fritidstilbodet til mange, men samfunnet er i endring og ein ser i heile landet at denne typen hytter er mindre i bruk.

Økonomi

Røkleivhytta er også ein ikkje uvesentleg utgiftspost for laget, særleg dersom ein skal gjere vedlikehaldet som er nødvendig dei næraste åra. Ho blir leigd ut ein del til eksterne, men leigeinntektene dekkjer ikkje på langt nær utgiftene. Likviditeten i laget er låg, og vi budsjetterer kvart år med eit underskot på fleire hundre tusen berre på utgiftspostar knytt til normal drift. Dette er ein praksis Rådet er kritisk til, og dei har bede oss om å sjå på løysingar for å skaffe betre likviditet. Styret meiner det heller er ønskeleg å bruke pengane og tida vi har på eigedomen i R8, aktiviteten her og på den hytta medlemmene framleis viser mest interesse for.

Lagsstyret ser at Røkleivhytta er eit verdifullt og levande minne om ei viktig tid i historia til laget. Samla sett meiner styret likevel at å selje hytta vil tene laget og medlemmene best.